

Deltok på Synnivafestivalen i Selje

Varaordfører Atle Dāvøy deltok på Synnivafestivalen i Selje sist helg.

- Det var flott å vera med og representera Øygarden på markeringa. Det vart sett pris på og lagt merke til at me var representert, seier varaordføraren.



Festivalområdet

Festivalen markerer at det er 850 år sida levningane etter St. Sunniva vart ført frå Selja til Bergen. Dette skal også markerast i Bergen som ein del av 950-årsjubileet for byen.

For varaordføraren og dei andre deltakarane starta Synnivafestivalen fredag 28. august med mottaking av innbedne gjester i den gamle og ærverdige prestegarden der hovudhuset vart reist i 1782. Deretter var det gudsteneste i Selje kyrkje, ei flott langkyrkje som stod ferdig i 1866. Etter gudstenesta, vart skrinet borte i fakkeltog frå kyrkja, over Seljestranda og deretter frakta ut til Selja kloster.

Dāvøy fortel at på laurdag heldt markeringa fram med ortodoks gudsteneste i Michael-kyrkja på øya Selja der vi finn ruinane etter klosteret der St. Sunniva

levde.

- Markeringa vart avslutta med ei økumenisk gudsteneste i klosterruinane før kista vart ført ned og bore om bord i båten som skulle frakta kista til Bergen, seier Atle Dåvøy.

Sunniva festivalen vert avslutta i Bergen 9. september. [Her er programmet for markeringa i Bergen.](#)

[Her kan du lesa historia om St. Synniva.](#)

Bilete: Atle Dåvøy

Her er fleire bilete:



Publisert:07.09.2020 12.33

Sist endra:07.09.2020 12.33

